



Arkivsaknr: 2024/5476-6
Sakshandsamar: Ingunn Øvretveit
Avdeling: Stab - Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

Søknad om fornya salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 i tidsrommet 01.10.24 - 30.09.28 - K. Andvik eftf

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for levekår	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. K. Andvik EFTF, org.nr. 946489107 vert innvilga salsløyve for alkohol gruppe 1 i omsøkte lokalar – K Andvik EFTF, Svindalsvegen 3, 5913 Eikangervåg
2. Løyvet vert gjeldande i perioden frå 01.10.24 – 30.09.28
3. Styrar for løyvet: Tommy Bårdsen f. 24.07.70. K. Andvik EFTF er friteken for avløyssar for styrar.
4. Salstidene følgjer vedteken forskrift om sals-, skjenke- og opningstider for Alver kommune.
5. Løyvehavar pliktar å sende til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 01. mars kvart år.
6. Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommune som kan ha konsekvensar for dei vilkår som er sett i løyve.

Klagerett: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak, jfr. Forvaltningslova § 29. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for levekår

Saka gjeld

Søknad om fornying av salsløyve for alkoholhalig drikk gruppe 1 i perioden 2024- 2028

Bakgrunn

K. Andvik EFTF har i søknad datert 01.05.24 søkt om fornying av salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 i tidsrommet 01.10.24 – 30.09.28 i lokalene til K. Andvik EFTF, Svindalsvegen 3, 5913 Eikangervåg. Butikken er en mindre lokalbutikk som dekkjer daglege behov for forburksvarar og lokalt etterspurte varar. Tommy Bårdsen er styrar for salsløyvet. K. Andvik EFTF søker og om fritak for kravet om avløyser for salsløyve. Opningstida er frå kl. 09.00 – 18.00 måndag til fredag, og 09.00-15.00 laurdag.

Vurdering

Alver kommune har løyveperiodar på inntil 4 år for sal og skjenking, med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer (Alkoholova §1- 6) K. Andvik EFTF søker løyve for ny periode.

Søknaden har vore til uttale hjå NAV Alver, politi og skatteetaten som ikkje har merknader til søknaden eller omsøkte personar.

Styrar for salsløyvet Tommy Bårdsen har bestått kunnskapsprøven samsvar med alkoholova §1-7 c.

K. Andvik EFTF er en liten lokalbutikk og har tidlegare fått innvilga fritak for avløyser etter alkoholova § 1- 7 c grunna salgsstaden størrelse. Det er vurdert at det ikkje vil være hensiktsmessig å krevje at K. Andvik EFTF skal fylle kravet til avløyser og kan unntas for kravet etter alkoholoven §1-7c første ledd: *«For hver bevilling skal det utpekes en styrer med stedfortreder som må godkjennes av bevillingsmyndigheten. Det kan gjøres unntak fra kravet om stedfortreder når det vil virke urimelig bl.a. av hensyn til salgs- eller skjenkesteds størrelse»*.

Alkoholova §1- 7b - krav til vandel og alkoholova §1-7 a kommunens skjønnsutøvelse ved behandling av søknad, kommunen sin alkoholpolitiske plan og Alver kommunes kommuneplan samfunnsdel 2022-2034 er lagt til grunn i vurdering av søknaden.

Kommunedirektøren si tilråding

Søknaden om salsløyve alkohol gruppe 1 og fritak om krav om avløyser for salsløyvet vert tilrådd innvilga.